**Avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet**

**EØS-komiteen**

# AVGJERD I EØS-KOMITEEN

**nr. 26/2000**
**av 31. mars 2000**

om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 4/2000 av 28. januar 2000([1]).

2) Kommisjonsforordning (EF) nr. 864/1999 av 26. april 1999 om endring av forordning (EF) nr. 194/97 om fastsetjing av høgsteinnhaldet av visse ureinande stoff i næringsmiddel([2]) skal takast inn i avtala.

3) Kommisjonsforordning (EF) nr. 1566/1999 av 16. juli 1999 *om endring av forordning (EF) nr. 194/97 om fastsettelse av maksimumsverdier for visse forurensende stoffer i næringsmidler*([3]) skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg II kapittel XII nr. 54r (kommisjonsforordning (EF) nr. 194/97) i avtala skal nye strekpunkt lyde:

---

([1]) Enno ikkje kunngjord.
([2]) TEF L 108 av 27.4.1999, s. 16.
([3]) TEF L 184 av 17.7.1999, s. 17.

“- **399 R 0864**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 864/1999 av 26. april 1999 (TEF L 108 av 27.4.1999, s. 16),

- **399 R 1566**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 1566/1999 av 16. juli 1999 (TEF L 184 av 17.7.1999, s. 17).”

*Artikkel 2*

Teksta til kommisjonsforordning (EF) nr. 864/1999 og (EF) nr. 1566/1999 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. april 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala([*]).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 31. mars 2000.

For EØS-komiteen
Formann

F. Barbaso

Sekretærar for EØS-komiteen

G. Vik E. Gerner

([*]) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.